

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Att.Kathrine Løvberg

Dykkar ref.: 24/6324 Vår ref.: 2025/290 - 5239/2025

Saksbehandlar:
Gina Beate Holsen

Dato:
12.06.2025

Høyring - Forslag til krav om eitt års relevant arbeidserfaring for opptak til spesialsjukepleiarutdanningane (ABIOK) og jordmorutdanninga

Helse Vest takkar for invitasjon til å komme med innspel til høyring om forslag til krav om eitt års arbeidserfaring for opptak til spesialsjukepleiarutdanningane (ABIOK) og jordmorutdanninga.

For Helse Vest er det svært viktig at krav om to års relevant klinisk arbeidserfaring blir innført som eit minimumskrav til arbeidserfaring for opptak til spesialsjukepleiarutdanningane (ABIOK) og jordmorutdanninga. I tråd med føresetnader skal det leggst stor vekt på behova i tenesta.

Krav til relevant klinisk arbeidserfaring har vore vurdert i fellesskap med fagmiljøa og lagt fram for Samarbeidsorganet for utdanning i sak 16/23, 37/23, 04/24 og 37/24. Dette synleggjer at dette er viktig for tenesta. Det skal bidra til å sikra at studentane har opparbeidd seg minimum kompetanse og grunnleggjande ferdigheiter som berre kan oppnåast gjennom relevant klinisk arbeidserfaring, før dei startar sin vidareutdanning for ABIOK-/jordmorutdanninga.

Dette handlar i stor grad om kvalitet, pasienttryggleik og HMS for våre medarbeidarar som skal gi rettleiing gjennom praksisperiodane, men og for medarbeidarane når dei tiltrer slike stillingar i føretaka etter ferdig vidareutdanning, men ikkje minst og førebu studentane til dei framtidige oppgåvene i spesialisthelsetenesta.

Praksis er ei svært viktig del av utdanninga av spesialsjukepleiarar og jordmødrer. Helseføretaka har ei målsetjing om å kunne tilby praksisplassar av høg fagleg kvalitet – og har god dialog med utdanningsinstitusjonane om gjennomføringa av praksisplassane.

Studentane vil nytte Kompetanseportalen, det vil seie at deira studieplan er lagt til grunn i Kompetanseportalen slik at vi i samarbeid med studentane og utdanningsinstitusjonane har strukturert oppfølging slik at dei kan nå sine læringsmål – oppnå læringsutbyttet gjennom praksisperiodane, (gjennomført for jordmorutdanninga ved HVL.

For dei andre vidareutdanningane pågår eit tilsvarande arbeid:

- barnesjukepleie - er snart ferdig med arbeidet slik at læringsmål og læringsutbytte er lagt til i Kompetanseportalen
- anestesi - godt i gang med å strukturere læringsutbyttene og sette disse i system, slik at det kan presenterast for fagmiljøa til hausten
- intensiv - godt i gang med å strukturere læringsutbyttene og sette disse i system, slik at det kan presenterast for fagmiljøa til hausten
- operasjon - godt i gang med å strukturere læringsutbyttene og sette disse i system, slik at det kan presenterast for fagmiljøa til hausten

Krav om eitt års relevant klinisk arbeidserfaring før opptak til masterutdanning

Føretaksgruppa Helse Vest meiner det ikkje er tilstrekkeleg med eit års relevant klinisk arbeidserfaring. Eit år vil nødvendigvis ikkje vere eit år; viss ein tiltrer stilling som sjukepleiar etter fullført bachelor utdanning august det året ein er utdanna, og skal søke opptak mars året etter, er det litt over sju månaders praksis. Det kan og vere fråvær i denne perioden. Vi har lagt til grunn at minstekravet må vere minimum to års relevant klinisk arbeidserfaring som bør leggst til grunn, i tråd med handsaming av sak for føretaksgruppa Helse Vest, behandla i Samarbeidsorganet for Utdanning, 12.09.24.

Slik forslaget er utforma, med eit minimumskrav, tolkar vi dette slik at tenesta då gis rett til å legge til grunn sine føresetnader for å få gjennomføre obligatoriske praksisperiodar i føretaka, det vil seie to år. Det prioriterte frå føretaksgruppa Helse Vest er å halde fast på minimum to års relevant klinisk arbeidserfaring. Opptakskrava bør vere føreseielege for aktuelle studentar når dei søkar opptak at kravet som bli lagt til grunn for å gjennomføre praksisperiode(ane) i føretaka vil vere to års relevant klinisk arbeidserfaring. Helseføretaka vil på si side legge det same kravet til grunn ved inngåing av utdanningsavtalar for eigne tilsette som er kvalifisert og motivert til den aktuelle vidareutdanninga, som vil søke opptak til vidareutdanning.

Dersom det ikkje blir mogleg å stille krav til to års relevant klinisk arbeidserfaring, må kravet om eitt år relevant klinisk arbeidserfaring ved søknad om opptak vere eit minimumskrav, og ikkje som valfri avgjersle for opptak til ABIOK-utdanningane og jordmorutdanninga. Det vil bidra til at ein ikkje kan søke opptak direkte etter bestått bachelor i sjukepleie, det vil ikkje tilfredsstille opptakskravet dersom ein var ferdig utdanna, året før og søker våren etter. Då vil ein ikkje tilfredsstille opptakskrava.

Helse Vest legg til grunn at det er svært viktig å ta omsyn til kvalitet, pasienttryggleik og HMS i einingane, at studentane har naudsynt kompetanse før dei startar på vidare-/masterutdanning.

Vi meiner minimum to års relevant klinisk arbeidserfaring er et viktig grunnlag for opptak, som er samstemt med fagmiljøa og tar omsyn til kvalitet, pasienttryggleik, HMS og

arbeidsmiljø i einingane. Om det ikkje er mogleg meiner vi det må bli eit krav om minimum 1 års relevant klinisk arbeidserfaring som blir tatt inn i forskrifta.

I vår tidlegare prosess har det vært viktig å sjå hen til kvalitet, pasienttryggleik og HMS. Dersom ein ikkje er tilstrekkeleg førebudd kan studentar utgjere ein risiko for kvalitet, pasienttryggleik og HMS i dei aktuelle einingane. Til sist vil og studentane mangla grunnleggande førebuing, mangla tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter for den praksistida dei skal ha på våre mest spesialiserte avdelingar/seksjonar. Det er der dei mest kritisk sjuke pasientane blir behandla, som skal vere deira praksisarena. For fødeeingane er det heilt avgjerande med ein minimum arbeidserfaring/ for ulike omsyn under fødsel, i tillegg til det som er kompetanse og kunnskap som gjeld for jordmødrer.

Gjennom bachelorutdanninga i sjukepleie får sjukepleiarane ein generell fagleg kompetanse. Når ein startar yrkeskarrieren held læringsprosessen fram og sjukepleiarane får utvikle ferdigheiter og kompetanse, ikkje minst og fagleg tryggleik. Dette er viktig for vidare læring og eit naudsynt grunnlag for å kunne tileigne seg ny kunnskap gjennom vidareutdanning.

For helseføretak som er praksisarena vil praksiskravet gi ein større grad av føreseielegheit. Omsynet er og at studentane skal vere tryggare på sin kompetanse når dei skal gjennomføre sine praksisperiodar. Helseføretaka har ei forventning til, og eit behov for, at studentane innehar eit visst kunnskapsnivå (både praktisk og teoretisk) når dei skal ta vidareutdanning. Eit minimum av praksiserfaring må vere til stades hos studentane, det er ein føresetnad for at føretaket sine tilsette skal kunne rettleie studentane gjennom utdanningsløpet på best mogleg vis.

Kravet om minst to års relevant klinisk arbeidserfaring, før studentane blir tilbode praksisplassar innanfor desse utdanningane, er viktig for å kunne gi det faglege kunnskapsnivået praksisstudiane føreset.

Ein nyutdanna sjukepleiar som startar på ei vidareutdanning heilt utan klinisk arbeidserfaring må ha langt meir oppfølging og rettleiing. Føretaksgruppa Helse Vest er og uroa for om studentane som har gjennomført vidareutdanning utan tilstrekkeleg relevant klinisk arbeidserfaring før dei tar fatt på vidareutdanninga, vil bli verande i yrket etter ferdig utdanning. Det er og relevant at utdanninga skal bidra til tenestene sine behov. Dette er ein fin balanse, tryggleik for studentane – behalde og utvikle i ein livslang karriere i tenesta, trygg og føreseieleg praksisperiodar i føretaka.

Relevant klinisk arbeidserfaring

Relevant klinisk arbeidserfaring blir i høyringsnotatet definert som «... søker må ha jobbet som sjukepleier i klinisk virke, uten spesifikke krav til fagretning.» Vår erfaring er at det er ein føresetnad at det må vere sjukehuserfaring før vidare-/masterutdanning innan ABIOK-utdanningane og jordmorutdanninga.

Erfaringar med krav til relevant klinisk arbeidserfaring

Erfaringane er at minimum to års relevant klinisk arbeidserfaring før opptak til spesialisjukepleiar-utdanningane/jordmorutdanninga, som var kravet fram til 1. januar 2022, har bidrege til høg gjennomføringsgrad for kandidatane, og at kandidatar som har vore kvalifiserte for sjølvstendig yrkesutøving etter enda utdanning.

Sjølv etter at kravet vart teke ut av forskriftene har dei aller fleste utdanningane valt å behalde krav om arbeidserfaring, i tråd med krav behandla i Samarbeidsorganet for utdanning behandla i sak 37/24 dato 12.09.24. Helseføretaka er tydelege på at kandidatane ved opptak til studia må ha minimum to års relevant klinisk arbeidserfaring.

Evidensgrunnlag for arbeidskrav

Rettleiarane seier at manglande arbeidserfaring får konsekvensar for tidsbruk til rettleiing, gjennomføringsevna og motivasjonen til å vere rettleiar for studentar, og medføre behov for å auke rettleiarkompetanse, leiarstøtte og kollegastøtte. Det er og kommunisert at nyutdanna utan eit godt minimumskrav på to års relevant klinisk praksis, vil gi eit betydeleg lengre introduksjonsprogram og oppfølging etter ferdig utdanning.

Kunnskapen som studentane får gjennom lang og god relevant klinisk arbeidserfaring bidrar til god Pasienttryggleik, Kvalitet og HMS og godt arbeidsmiljø. Som igjen bidrar til redusert sjukefråvær.

Vi viser også til våre rapporter om bærekraftig utvikling etablere [bærekraftig utvikling for intensivsykepleie](#), [bærekraftig utvikling for fødekapasitet på Vestlandet](#), og til sist felles interregionale rapport [bærekraftig utvikling for ABIOK-sykepleiere, jordmødre, sykepleiere og helsefagarbeidere](#).

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
Administrerende direktør

Hilde Christiansen
Direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi

Dokumentet er elektronisk godkjent av:Hilde Brit Christiansen direktør medarbeider, organisasjon og teknologi

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

